

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 16. februar 2017
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

SAKLISTE:

01/17 Godkjenning av protokoll frå møte 10.11.16

02/17 Referat- og orienteringssaker 16.02.17

03/17 Forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»

04/17 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

05/17 Årsmelding for kontrollutvalet 2016

06/17 Endra møteplan for 2017

Ymse

Aksdal, 09.02.17

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(til orientering)
Varamedlem	(til orientering, unntatt Silje Helen Færøy som er innkalla for Berit Myrland)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.02.17	01/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.11.16

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 10.11.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.11.16 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 09.02.17



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **10. november 2016** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalsleiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 11.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Tormod Skeie (SV), Berit Myrland (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 24
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

Utvalsleiar ønskte Berit Myrland velkommen som nytt medlem.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 22/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL 15.09.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 23/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.16

32. Statusoversikt pr. november 2016
33. K-styrevedtak 18.10.16, sak 75/16 – Plan for selskapskontroll 2016-2019
34. K-styrevedtak 18.10.16, sak 76/16 – Søknad om fritak frå politiske verv - kontrollutval
35. K-styrevedtak 18.10.16, sak 77/16 – Val av medlem i kontrollutval og grendeutval
36. K-styrevedtak 18.10.16, sak 71/16 - 2. Tertialrapport 2016
37. Invitasjon frå FKT Rogaland til Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes
38. Innkalling til møter i representantskapet i RYMI – 29.09.16 og 09.11.16
39. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – frå Fylkesmannen i Rogaland
40. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
41. Kommunal rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
42. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Eldbjørg Sivertsen er påmeldt til konferansen i Sandnes 17.11.16. Medlemmene drøfta kort oversikten over utgifter til revisjon. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16:

Referatsakene 32 - 42 blir tatt til orientering.

SAK 24/16 ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGGET FOR 2017 OG ØKONOMIPLAN 2018-2020

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Rådmannen gjorde greie for hovudinnhaldet i budsjettframlegget 2017 og økonomiplanen. Budsjettet blei kalla eit omstillingsbudsjett. Kommunen har berre hatt 5 millionar i inntektsauke på 3 år.

Han orienterte om dei økonomiske føresetnadene, dei frie inntektene og store inntektspostar, ulike satsingsområde, investeringar og utviklinga av lånegjeld.

Kommunen er framleis inntektssterk, men inntektene vil bli lågare i 2017. Dette skyldast mellom anna lågare kraftinntekter og mindre overføringar frå staten. Rådmannen gjorde greie for ulike grep som var aktuelle for å redusere kommunen sine utgifter.

Han gjorde også greie for folketalsutviklinga og resultata frå Kommunebarometeret. Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,8 % i 2017. Rådmannen svara på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020 til orientering.

SAK 25/16 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2016

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Revisor gjorde greie for planen, samstundes som den vart vist på skjerm. Han orienterte om planlegging av revisjonsarbeidet og at det ligg internasjonale standardar til grunn for arbeidet. Vidare orienterte han om særskilte forhold innan kommunal sektor, risikofaktorar, nøkkeltal for Suldal, vesentlighetsgrense, kva som vil bli vektlagt for revisjon i år, samt ulike risikovurderingar.

Planen og revisor sitt arbeid er nokså likt frå år til år. Revisjonen har stadig fokus på moglege forbetringar i arbeidet med rekneskapsføring og årsavslutning.

Medlemmene hadde spørsmål om mellom anna stikkprøvekontrollar, vesentlighetsgrense, særskilte avvik/forhold for Suldal kommune. Revisor svara undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2016 til orientering.

SAK 26/16 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2017:

torsdag 16.02, 27.04, 07.09 og 09.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Utvalet drøfta framlegget til møteplan. Utvalet blei samd om å fastsetja dato for eit 5. møte, og medlemmene blei samde om 1. juni.

Berit Myrland opplyste at ho ville vera bortreist til møtet i februar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2017:

torsdag 16.02, 27.04, 01.06, 07.09 og 09.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 27/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «LEGETENESTA» - 2. GANGS HANDSAMING

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding og Rogaland Revisjon IKS sine vurderingar om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering, eller som egen sak.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.16:

Leiar innleia om saka. Skeie og Sivertsen kommenterte saka og meinte det var godt at revisjonen nå hadde gjort si vurdering av tilbakemeldinga frå administrasjonen. Skeie meinte det var betryggande at ei fagmyndighet hadde kome si vurdering.

Utvalet ønskte at tilbakemeldinga skulle handsamast som eigen sak og ikkje berre som orienteringssak i kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.16 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding og Rogaland Revisjon IKS sine vurderingar om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta» til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: torsdag 16.02.17, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 10.11.16

Vanja Ignjatic
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.02.17	02/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.02.17

1. Statusoversikt pr. februar 2017
2. Haustkonferansen i Sandnes 17.11.16 – evaluering/oppsummering
3. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
4. Tertialrapport pr. 31.12.16 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2017 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – rapport frå Fylkesmannen
7. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
9. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
10. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 fra NKRF

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 – 10 blir tatt til orientering.

Aksdal, 09.02.17

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversikt februar 2017

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17			

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Selskapskontroller					

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2016

Quality Hotel Residence, Sandnes

17. november 2016

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariatet
Mottatt dato: 07.10.16
Journalført: 16/386/tha
Arkivkode: 033 ojn

Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til innleggene i programmet.

PROGRAM

- | | |
|-------|--|
| 10:00 | Velkommen
<i>Einar Endresen – leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland</i> |
| 10:05 | Fylkesmannens tilsyn med kommunene
<i>Grete Flåten, tilsynskoordinator, Fylkesmannen i Rogaland</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Varslinger
<i>Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland fylkeskommune</i> |
| 11:45 | Årsmøte 2016 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 12:00 | Lunsj |
| 13:00 | Korrupsjon og økonomiske misligheter i kommunene
<i>Einar Endresen, leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland og politispesialist i økonomisk kriminalitet.</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Selskapskontroll
<i>Rune O. Eskeland, forvaltningsrevisor, Rogaland Revisjon IKS</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **4. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

1/EDLE66 SAK 2/17-35
Onsdag 1. februar
2017

Møteleder: Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Registrering og kaffe + noe å bite i / utstilling

Velkommen

► Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)



Åpning

► **Tora Aasland**, leder for Kommunesektorens etikkutvalg

Kommunenes arbeid med å bekjempe sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

► Avdelingsdirektør **Anne Fikkan**, Riksrevisjonen

Lunsj / utstilling

Kan kommunene vedta seg bort fra svart økonomi og arbeidslivskriminalitet?

► **Karl Børre Reite**, Sekretariatet for Samarbeid mot svart økonomi (KS, LO, NHO, YS, Unio og Skatteetaten)

Pause / utstilling

Varsling og ytringsfrihet i norsk arbeidsliv 2016

► Forskningssjef **Sissel C. Trygstad**, Forskningsstiftelsen Fafo

Pause / utstilling

Varsling – case fra Flyktningtjenesten i Tromsø kommune

- Forvaltningsrevisor **Margrete Mjølhus Kleiven** og forvaltningsrevisor **Astrid Indrebø**, KomRev NORD IKS
- Kontrollutvalgsleder **Rolleiv Lind** (H), Tromsø kommune
- Debattredaktør **Ragnhild Sved**, Kommunal Rapport, i samtale med **Cecilie Lanes** (representant for varslere) og **Bjørn Willumsen**, leder, Fagforbundet avd. 177, Tromsø kommune

Pause / utstilling

Folkevalgt kontroll – hva er særegenhetene?

► Stortingsrepresentant **Martin Kolberg** (Ap), leder for Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite

Middag



– på vakt for fellesskapets verdier

Torsdag 2. februar
2017

Møteleder: Daglig leder **Mona Moengen**, Romerike kontrollutvalgssekretariat IKS (Rokus)
og leder av NKRFs kontrollutvalgskomite

Korrupsjon - en presentasjon av kontrollutvalgets granskning i Drammen kommune

» Kontrollutvalgsleder **Eivind Knudsen** (Ap), Drammen kommune

Pause / utstilling

Kommunesammenslutninger og grensejusteringer i kommuner og fylkeskommuner

» Daglig leder **Orrvar Dalby**, Vestfold Interkommunale KontrollutvalgsSekretariat (VIKS)
» Leder for forvaltningsrevisjon **Kirsti Torbjørnson**, Telemark kommunerevisjon IKS

Pause / utstilling

Kommunenes styringsdokumenter - årsmelding og økonomiplan

- > Hva er formålet med planene?
- > Hvilke krav bør politikerne stille til dem?
- > Hvordan er kvaliteten i praksis?

» Rådgiver **Bjørn Brox**, Agenda Kaupang og fast spaltist i Kommunal Rapport med
ukentlige anmeldelser av kommunale budsjetter og årsmeldinger

Kåseri

» Kommentator **Eva Nordlund**, Nationen

Lunsj

Det tas forbehold om endringer i programmet.



- på vakt for fellesskapets verdier

SULDAL KOMMUNE

Periode rapportering 31.12.2016/Budsjett 2017

Kundeld	Månednummer												Tot timer	Tot sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
2025901 SULDAL KOMMUNE Regnskapsrevisjon 2016	6	1	25,5	80	5,5	10	3	33	4	2,5	20,5	0,5	191,5	153 775
2025902 SULDAL KOMMUNE Bekreftelser 2016	1	8,5	19	12,5		0,5		8,5	1,5	19,5	4,5	6,5	82	65 846
2025903 SULDAL KOMMUNE Kontrollutvalg 2016	8	8		10					13		12,5		51,5	41 355
2025904 SULDAL KOMMUNE FR-generelt 2016	2			11,5					1		5	4	23,5	18 871
2025905 SULDAL KOMMUNE Overordnet analyse 2016	8	14,5	39,5	5,5	2	2		4	6				81,5	65 445
2025906 SULDAL KOMMUNE Pleie og omsorg 2016								12	41,5	43,5	61	17	175	140 525
Totalsum	25	32	84	119,5	7,5	12,5	3	57,5	67	65,5	103,5	28	605	485 815

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RAD	TOTALT	SUM
B 2015	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	
R 2015	298,0	208,5	97,5	37,0	2,0	643,0	
B 2016	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950
R 2016	280,0	191,5	82,0	51,5		605,0	485 815
B 2017	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	526 500

Budsjett 2017: Suldal kommunestyre har vedtatt å gå inn i Rogaland Revisjon som eier. Representantskapet i Rogaland Revisjon IKS har enstemming vedtatt å anbefale kommunestyrene om at Suldal kommune blir tatt opp som eier. Sak er nå på vei til de ulike kommunestyrer. Tidligere rammer er videreført. Timepriser for 2017 øker med kr 50 slik at prisen blir 810 kr for kommuner og 865 for andre + mva.

Forbruk 2016: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjørrevisjon 2015 gjennomført og interimsrevisjonen for 2016 stort sett gjennomført. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer. Av særattestasjoner kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede, som er de mest tidkrevende. Også i år har attestasjonen på de ressurskrevende brukerne blitt gjennomgått flere ganger og vært mer tidkrevende enn nødvendig. Innen forvaltningsrevisjon er overordnet analyse og plan for forvaltningsrevisjon levert. Det er og levert en overordnet analyse som grunnlag for plan for selskapskontroll og plan for selskapskontroll. Et prosjekt innenfor pleie og omsorg er bestilt og blir levert

VEDLEGG SAK 2/17 - 4



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.12.2016
Vår ref.: 2016/14826
Arkivnr.: 321

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 02.01.17

Journalført: 17/01/17

Arkivkode: 216

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2017

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket og Kartverket. I tillegg har Fylkesmannen samordna eigen tilsynsaktivitet med planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane. Vi har også vore i kontakt med Direktoratet for Samfunnsikkerhet og Beredskap (DSB) om tilsynsplanane deira for 2017.

Vi har utarbeidd eit oversyn over Fylkesmannen sine planlagde tilsyn i 2017 fordelt på kommunar (sjå vedlegg). Arkivverket, Kartverket og Mattilsynet har ikkje plukka ut kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Sjølv om ikkje alle tilsyna er planlagde ennå, vil vi så langt som råd er, sørgje for at belastinga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einskilte kommunen.

Arbeidstilsynet skal i 2017 framleis ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringane dette fører med seg i arbeidslivet. Det blei i 2015 oppretta eit a-krimssenter i Stavanger med ei tverretatleg operativ gruppe som arbeider med desse utfordringane. Gruppa er sett saman av medarbeidarar frå Arbeidstilsynet, Sør-vest politidistrikt, Skatt vest, NAV Kontroll vest og Kemneren i Stavanger. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar og byggherreforskrifta. Det er også i Haugesund etablert ei tverretatleg operativ gruppe som fører tilsyn med utfordringar innan arbeidslivskriminalitet.

I tillegg har Arbeidstilsynet åtte større nasjonale prosjekt knytte til overnatting og servering, reinhald, bygg og anlegg, transport, varehandel, industri, helse og sosial samt jordbruk og skogbruk.

Innan reinhald er det aktuelt å føre tilsyn med kommunen som kjøpar av reinhaldstenester. Innan helse og sosial vil Arbeidstilsynet føre tilsyn med helsehus/kommunale akutte heildøgns-einingar (KAD) og ambulansetenesta. I tillegg kjem tilsyn med temaet vald og truslar. Her vil Arbeidstilsynet føre tilsyn med dei delar av næringa der vald og truslar er ei kjent utfordring.

Arbeidstilsynet held fram tilsyna med kommunalt og interkommunalt brannvesen. Tema her er forebygging når det gjeld eksponering av røyk frå brannar.

I tillegg til tilsyn vil Arbeidstilsynet i 2017 ha fokus på rettleiingsaktivitetar.

Mattilsynet skal i 2017 halde fram arbeidet med å følgje opp vassforsyningssystema med relevante verkemiddel slik at desse har fullgod leveringstryggleik eller realistiske planar for å etablere dette. Mattilsynet skal vidare følgje opp arbeidet etter tilsynskampanjen i 2016 om beredskap i vassverka. Mattilsynet vil i 2017 gjennomføre tilsyn med alle produksjonskjøkken som leverer mat til institusjonar. Det vil bli tilsyn i form av både varsla revisjonar og også uvarsla inspeksjonar. Mattilsynet held fram med overvaking og tiltak som følgje av resistens mot antibiotika og skal samarbeide tett med helsestyresmaktene i denne samanhengen.

Frå 1. november 2016 fekk **Arkivverket** ny organisasjonsstruktur. Ansvar for tilsynsverksemda med arkivarbeidet i offentlege organ ligg ikkje lenger til dei lokale statsarkiva, men er no plassert i seksjon for dokumentasjonsforvaltning i den nye organisasjonen. Avdelinga er lokalisert fire stader i landet: Tromsø, Hamar, Oslo og Kristiansand. Det er medarbeidarane derfrå som vil utøve tilsynsverksemda med den offentlege forvaltninga. Arkivverket vil på nyåret kome med melding om kva kommunar som får arkivtilsyn i 2017.

Kartverket skal ha eitt matrikkeltilsyn i Rogaland, men ingen kommunar er trekte ut til første runde våren 2017. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling. Etter kvar loddtrekking blir alle "lodda" lagde tilbake. Det kan føre til at kommunar kan bli trekte ut på nytt, kort tid etter førre tilsyn.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidde i oversynet som er lagt ved. Her finn de informasjon om kva tema som blir tatt opp. I dette oversynet er også Fylkesmannen sine forvaltningskontrollar innan landbruk tatt med.

Fylkesmannen gjer merksam på at eigeninitierte tilsyn med helse- og omsorgstenestene til kommunane sine innbyggjarar er ikkje lagde inn i tilsynskalenderen. Det skuldast mellom anna at personalsituasjonen på området p.t. er noko uavklart. Dersom det blir eigeninitierte tilsyn på dette området i 2017, vil det bli tatt omsyn til tilsyna som alt er planlagde og som ligg i kalenderen. Kommunane som vil få eit slikt tilsyn, vil bli varsla straks det blir avgjort.

Vi gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Brevet og oversynet finn de og på www.fylkesmannen.no/rogaland. Her ligg Fylkesmannen sin tilsynskalender og endelege tilsynsrapportar, informasjon om samordning av statlege tilsyn og lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Gretè Flåten/Hjalmar Arnø
Saksbehandlar telefon: 51568836
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

1 vedlegg
Kopi: Sjå vedlagte adresseliste

Kommune	Fylkesmannen Helse- og sosialavdelinga	Fylkesmannen Utdanningsavdelinga	Fylkesmannen Samfunns-avdelinga	Fylkesmannen Landbruksavdelinga	Fylkesmannen Miljøvern-avdelinga
	<u>STRAND</u>	1. halvår	LOT – tilsyn med kommunale tjenester (helse-omsorg og sosiale tjenester) til personer med samtidig ruslidning og psykisk lidning.		
		2. halvår		Forsvarleg system særskilt språkopplæring	
	<u>SULDAL</u>	1. halvår			
		2. halvår			
	<u>TIME</u>	1. halvår			Forsøpling
		2. halvår	Helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming		
	<u>TYSVÆR</u>	1. halvår			Forsøpling
		2. halvår		FNT – elevane sitt utbytte av opplæringa	
	<u>UTSIRA</u>	1. halvår			
		2. halvår			



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Haugaland *VEDLEGG SAK 7/17-6*
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: *04.01.17*

Journalført: *17/21096*

Arkivkode: *216*

Dykkar ref.:

Vår dato: 23.12.2016

Vår ref.: 2016/8369

Arkivnr.:



Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: finropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oversending av endeleg rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune 21. og 28. november 2016

Me viser til tilsyn med kommunal beredskapsplikt 21. og 28. november 2016 og førebels tilsynsrapport datert 5. desember. Vedlagt er endeleg rapport. Fylkesmannen avsluttar med dette tilsynet.

Oppfølging av tilsynet:

Fylkesmannen ber Suldal gjere greie for korleis de skal lukka avvika, og når dette skal vere gjort. Me ber kommunen sende oss ein oppfølgingsplan innan 20. februar 2017.

Dersom kommunen treng rettleiing i samband med lukking av avvika kan de ta kontakt med oss. Kommunen skal informere oss når avvika er lukka og med ber om å få revidert ROS-analyse når den føreligg.

Dersom de har spørsmål er vår revisjonsleiar Grete Flåten og Reidar Johnsen våre kontaktpersonar.

Me ber om at tilsynsrapporten blir gjort kjend for kontrollutvalet i kommunen.

Med helsing

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Reidar Johnsen
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Endeleg rapport frå tilsynet

Saksbehandlar: Reidar Johnsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 39
E-post: reidar.johnsen@fylkesmannen.no



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune 21. og 28. november 2016

Tidsrom for tilsynet:	2016
Kommunen si adresse:	Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand
Kontaktperson i kommunen:	Beredskapskoordinator Dagfinn Helland
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Revisjonsleiar Grete Flåten, revisor Reidar Johnsen og observatør Maren Skåden
Dato for rapport:	27. desember 2016

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Suldal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka fire avvik i tilsynet med Suldal kommune.

Avvik 1

Suldal kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

Avvik 3

Suldal kommune kan ikkje dokumentere at dei har eit system for opplæring, jamfør krava til dette i lov og forskrift.

Avvik 4

Kommunen kan ikkje dokumentere skriftleg evaluering frå hendingar og øvingar, jamfør krava til dette i lov og forskrift.

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovudinstrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar i tilsynet	7

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Suldal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 4. juli 2016, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 21. november var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet var 28. november 2016.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

3. Hovudinstrykk

Sjølv om Suldal har arbeidd godt med samfunnstryggleik og beredskap sidan sist tilsyn er det framleis noko att før kommunen har oppfylt alle krava i lov og forskrift. Dette er først og fremst knytt til ROS-analysen og oppfølginga av denne. Sjølv om ROS-analysen er omfattande og har god bredde, er den likevel ikkje konkret nok når det gjeld nokre område som til dømes kritisk infrastruktur.

Kommunen ønskjer å integrere arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i sitt ordinære styringssystem. Det meiner me er positivt, men det må kunne dokumenterast skriftlig at krav i forskrifta om heilskapleg og systematisk arbeid er oppfylt.

Beredskapsplanen er blitt mykje betre sidan sist tilsyn, og nå står det berre att å få testa han skikkelig ut gjennom øving.

Me ser at det er mykje kompetanse og stor lokalkunnskap i kommunen. Dette er verdfullt i ein krisesituasjon, men særskilt mindre kommunar kan vere sårbare for fråvær av nøkkelpersonell. Derfor er det viktig at mest mogleg relevant informasjon og rutinar er nedskrive.

Suldal har i hovudsak ikkje vore råka av større alvorlege ulykker dei siste åra, men har likevel samla kriseleiinga ved fleire høve. Kommunen har låg terskel for å involvere krisestaben. Fylkesmannen meiner det er positivt at kommunen nyttar mindre hendingar til å få «øvd» kriseorganisasjonen sin. Hendingane er berre munnleg evaluerte i leiargruppa. For å gjere det lettare å følge opp læringspunkta må dette dokumenterast skriftleg. Kommunen har gode varslingsrutinar internt og beredskapsmeldingar frå fylkesmannen blir følgde opp.

4. Resultat frå tilsynet

Fylkesmannen avdekka fire avvik i tilsynet med Suldal kommune.

Avvik 1

Suldal kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova, jamfør forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1 og 2.

Utfyllande kommentarar:

- Kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse er for generell når det gjeld fleire viktige analyseområde. Dette gjeld særleg kritisk infrastruktur som straum (4.21), IKT (4.22) og mobilnett (4.23), men og på andre område som ekstrem regnvær og flaum (5.11) stein og jordras (5.31), brann og eksplosjon ved industrianlegg (7.23) og dyresjukdommar (9.21) er analysen for lite konkret. Det må kome klarare fram kor sårbar kommunen er og kva område som mest utsette. Dette for at analysen skal vere grunnlag for å velje nødvendige tiltak for å redusere sannsynlegheit, sårbarheit og konsekvensar.
- Det kjem ikkje godt nok fram kva hendingar som kan føre til evakuering og behov for befolkningsvarsling i Suldal.
- Vurderingar for å velje ut hendingar med akseptable, uakseptable og særskilt høg risiko blir ikkje godt forklarte eller grunngjeve. Dette gjer analysen lite brukarvennleg som styringsgrunnlag.

Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Suldal har mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap og dette er gjennomgåande i fleire styringsdokument. Me ser ein samanheng mellom kommuneplan, økonomiplan og handlingsprogram og årsmelding. Det manglar likevel ei binding til ROS-analysen slik at me kan sjå at resultata frå analysen er grunnlag for korleis kommunen arbeider med samfunnstryggleik og beredskap.

- Tiltaka frå ROS-analysen er ikkje prioriterte, og det er ikkje dokumentert nokon systematikk når det gjeld kva som blir følgt opp og korleis dette skal bli gjort. Fleire av tiltaka er dessutan lite konkrete, noko som og gjer dei vanskelege å følgje opp.
- Kommunen kan ikkje dokumentere at dei systematisk har vurdert om funn i den heilskaplege ROS-analysen bør integrerast i planar og prosessar etter plan og bygningslova. Dette kan skyldast at ROS-analysen er lite konkret på fleire relevante område.

Avvik 3

Suldal kommune kan ikkje dokumentere at dei har eit system for opplæring, jamfør krava til dette i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 7 og 9.

Utfyllande kommentarar:

Alle som har ei rolle i kommunen si krisehandtering skal ha nødvendig opplæring. Suldal har fleire opplæringstiltak, men desse er ikkje sett i system og i tilhøve til kvarandre. I intervjuet kom fram at nokre ikkje hadde fått opplæring. Det som står i beredskapsplanen blir for generelt og uforpliktande.

Avvik 4

Kommunen kan ikkje dokumentere skriftleg evaluering frå hendingar og øvingar, jamfør krava til dette i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 8 og 9.

Utfyllande kommentarar:

Alle evalueringar frå større hendingar og frå øvingar skal dokumenterast skriftleg. Dette for å sikre at øvingar og hendingar blir systematisk følgde opp i organisasjonen, og at kommunen kan gjere nødvendige endringar når det gjeld førebygging og handtering av uønskte hendingar.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Suldal:

- Organisasjonskart Suldal kommune
- Sak i kommunestyret før oppstart ROS-analyse med metode og framgangsmåte, vedtatt 17. januar 2014
- Heilskapleg ROS-analyse for Suldal kommune 2014, vedtatt i kommunestyret 9. september 2014
- Sak i kommunestyret om heilskapleg ROS-analyse, vedtatt 9. september 2014
- Notat om oppfølging av kommunestyrevedtak ROS-analyse, 27. oktober 2014
- Sak i kommunestyret om overordna beredskapsplan, vedtatt 8. september 2015
- Beredskapsplan for Suldal kommune, utarbeida august 2015, sist revidert 10. desember 2015
- Kommuneplan 2015 – 2024, vedtatt 17. mars 2015
- Planstrategi – perioden 2016 - 2019, 14. oktober 2016
- Økonomiplan med handlingsprogram 2016-2019, vedtatt 8. desember 2015
- Diverse brannøvingar
- Lokal pandemiplan for Suldal kommune, sist oppdatert 15. oktober 2016
- Smittevernplan for Suldal kommune 2016, sist oppdatert 15. oktober 2016
- Helseberedskapsplan for Suldal kommune , revidert oktober 2016
- Tiltaksplan ved akutte kriser, revidert 2016
- Beredskapsplan for vannforsyningen i Suldal, september 2015
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet etter tilsyn med vassforsyningssystem, 3. august 2016
- Kartlegging grunnforhold Sandsområdet, 10. juni 2014
- Diverse utdrag for årsmeldinger
- Fylkesmannen sin rapport frå sist tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune, 17. april 2013
- Diverse kart frå Temakart Rogaland


6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Gerd Helen Bø	ordfører	X	X	X
Øyvind Valen	rådmann	X	X	
Dagfinn Helland	beredskapskoordinator	X	X	X
Torbjørn Guggedal	kommunalsjef teknisk drift, kultur og introduksjonstenesta/planansvarleg	X	X	X
Turid Vaage	leiar servicetorget/informasjonsansvarleg	X	X	X
Grethe Jæger Anglevik	kommunalsjef helse og omsorg	X		X
Nils Erik Eide	kommunalsjef oppvekst	X		X
Morten Aarhus	brannsjef, vegansvarleg	X		X
Torbjørn Nordmark	driftssjef/evakueringsansvarleg		X	
Harald Bjarne Hellesen	kommuneoverlege			X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Grete Flåten, revisjonsleiar/seniorrådgivar
- Reidar Johnsen, revisor/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, observatør/ juridisk rådgivar



Årsrapport for 2016

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune

Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressursar	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	4
1.4 Skatteutval	4
2. Skatterekneskapen	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2015	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2016	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga	5
3. Innkrevjing av krav	6
3.1 Restanseutvikling	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	6
3.1.3 Restansar eldre år	6
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år	7
3.2 Innkrevjinga si effektivitet	7
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2016	7
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	7
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve	7
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	7
3.3 Særnamskompetanse	8
4. Arbeidsgjevarkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	8
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	8
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	8
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,3	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,3	23,0 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,5	38,5 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,3	23,0%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar		-%
Skatteutval		-%
Administrasjon	0,2	15,5%
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Kontoret har hatt i perioden 01.01.2016 - 31.07.2016 2 tilsette som utførte i stor grad arbeidet innan skatt og innfordring: ein tilsett i 80% stilling og ein tilsett i 20% stilling. F.o.m. 01.08.2016 har kontoret hatt ein tilsett i 100% stilling som utførte i stor grad arbeidet innan skatt og innfordring.

Kontoret har 3 personer som utfører oppgåver med betaling og bank.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Situasjonen med ressursbruk og kompetanse innan skatteområdet er tilfredstillande.

Arbeidsgjevarkontrollen har tilstrekkelig med ressursar, og kontrollgraden er innanfor normene.

1.2 Internkontroll

Det er utarbeid rutineskildring, plan for verksemda og dokumentasjon av internkontroll for kontoret.

Det er utarbeid rutineskildring for dei fleste områda i Sofie, dette arbeidet fortsetter i 2017.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2016	kr 526 684 181
Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2015	<u>kr 532 777 288</u>

Differanse – mindre inngang i 2016 enn 2015	<u>kr 6 093 107</u>
---	---------------------

Nedgangen fordeler seg slik:

Arbeidsgivaravgift	auke	kr 4,37 mill
Kildeskatt	auke	kr 0,05 mill
Personlege skattytarar	auke	kr 4,29 mill
Upersonlige skatteytarar	nedgang	kr 14,82 mill
Renter/innfordring	auke	kr 0,01 mill

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen 2016	kr 141 023 959
Kommunen sin del av skatteinngangen år 2015	<u>kr 135 305 758</u>

Differanse - meir inngang i 2016 enn 2015	<u>kr 5 718 201</u>
---	---------------------

Auken fordeler seg slik:

Etterskotspliktige (auke)	kr 0,86 mill
Forskotspliktige (auke)	kr 4,83 mill
Renter og gebyr (nedgong)	kr 0,03 mill

1.4 Skatteutval

Det var ingen saker til skatteutvalet i 2016.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2016 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2016 følger som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2015

Innestående margin for inntektsåret 2015, pr. 31.10.2016 kr 926 043

For mykje avsett margin for inntektsåret 2015 kr 926 039

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10%. Gyldig frå: mars 2006

2.2.2 Margin for inntektsåret 2016

Marginavsetning for inntektsåret 2016, pr. 31.12. 2016 kr 27 348 012

Gjeldande prosentats marginavsetning: 10% . mars 2006

2.2.3 Kommenterarar til marginavsetninga

Marginavsetninga er tilfredstillande.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Restanse 31.12.2015	Herav berostilt restanse 31.12.2015	Endring i restanse Red(-)/Økning(+)	Endring i berostilt restanse Red(-)/Økning(+)
Sum restanse pr skatteart	2 914 206	355 663	2 989 437	403 242	-75 231	-47 579
Arbeidsgjevaravgift	25 113		36 045		-10 932	0
Artistskatt					0	0
Forselingsrenter	362 064	103 398	293 922	103 398	68 142	0
Forskotsskatt					0	0
Forskotsskatt person	865 267	-	604 842	9 044	260 425	-9 044
Forskotstrekk	44 823		89 337		-44 514	0
Gebyr					0	0
Innkrevjingsinntekter	33 612	12 133	40 764	17 082	-7 152	-4 949
Inntekt av summarisk fellesoppgjør					0	0
Kildeskatt					0	0
Restskatt	200		1039		-839	0
Restskatt person	1583 127	240 132	1923 488	273 718	-340 361	-33 586
Sum restanse diverse krav					0	0
Diverse krav					0	0
Sum restanse pr skatteart inkl diverse krav	2 914 206	355 663	2 989 437	403 242	-75 231	-47 579

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det er ein total nedgong i restansane frå 31.12.15 til 31.12.16 på kr 75 231.

Restansen vedr. restskatt person har gått ned med kr 340 361, og forskotsskatt person har auka med kr 260 425.

Det er ein auke i utlikna skatt frå kr 290,7 mill for inntektsåret 2014 til kr 300 mill for 2015. Restskatten for 2015 var 1,13 mill lågare enn restskatten for 2014.

Det er ei endring i berostilte krav på kr -47 579. Vi har hatt ein grundig gjennomgong av eldre krav og fått berostilt det som ikkje er mogleg å innfordre.

Det er avskrevet krav på totalt kr 240 453 - arbeidsgivaravgift i 9 avslutta konkursbo.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2014	178 312	173 402
2013	26 464	23 355
2012	91 086	17 500
2011 – 19xx	1 047 658	-----

3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

Forelda krav pr. 31.12.2016: 1 krav
Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2016: kr 8 750.

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Restanselista blir gjennomgått jevnlig for å sjå om det er tiltak som kan setjast i verk på dei sakene vi ikkje har tiltak. Vi hatt ein gjennomgang av krav og dei som ikkje er mogleg å innfordre er søkt om å få berostille.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2016

Resultatkravet for restskatt 2014 var 97,3 %, mens vi oppnådde 98,8 %.
For innfordra restskatt var resultatkravet 75%, mens vi oppnådde 80,3 %.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er gjort 7 betalingsavtalar i 2016. I 2015 er inngått 3 betalingsavtaler.
Det er halde 4 utleggsforretningar i 2016, 2 med resultat «intet til utlegg» og 2 med resultat «utlegg tatt»
Det er gjennomført 20 utleggstrekk i 2016 mot 25 i 2015.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det har ikkje vore spesielle forhold i rekneskapsåret som treng særskild omtale.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren har ikkje konkrete tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa, men me prøver alltid å bli meir effektive.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Suldal nyttar seg fullt ut av særnamskompetansen.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Suldal er med i Haugaland interkommunale arbeidsgivarkontroll som består av kommunane Bokn, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Ordninga består av 5,6 (5,6 i 2013) stillingar der Suldal har ein stillingsandel på 0,3 årsverk.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2016: 10

Som utgjør: 5,5 % av totalt tal arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2016: 10

Som utgjør: 5,5 % av totalt tal arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte personallistekontrollar 2016: 1

Tal gjennomførte kontrollar i 2015: 12

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er avdekka mindre beløp i 7 av 10 kontrollar. Arbeidsgiveravgiftsgrunnlaget er auka med kr 2 039 321.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Tall på kontrollar er på eit tilfredstillande nivå. Ei systematisk kontrollverksemd gjennom fleire år, kan synas å gje resultat i form av preventiv verknad.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det er ikkje gjennomført særskilde aksjonar i 2016.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det er gjeve informasjon i samband med gjennomgang av ettersynet med arbeidsgjevarane.

Sand, 18.01.2017



Arnfrid Gundersen
Skatteoppkrevjar




Mirela Moe
Fagansvarleg Skatt og Innkrevjing

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2016 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap for Suldal kommune for inntektsåret 2016

		2016	2015
	Likvider	28 859 414	28 183 585
	Skyldig skattekreditorene	-1 473 085	-913 186
	Skyldig andre	-38 315	-143 519
	Innestående margin	-27 348 012	-27 126 876
	Udisponert resultat	-2	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-86 414 139	-82 043 582
	Kildeskatt mv - 100% stat	-73 914	-21 674
	Personlige skatteyttere	-302 860 391	-298 569 806
	Tvangsmulkt	-5 740	
	Upersonlige skatteyttere	-137 236 043	-152 054 106
	Renter	-87 454	-84 909
	Innfordring	-6 500	-3 211
Sum		-526 684 181	-532 777 288
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	86 414 140	82 043 581
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	90 986 776	86 129 805
	Fordelt til Fylkeskommunen	28 759 493	27 573 274
	Fordelt til kommunen	141 023 959	135 305 758
	Fordelt til Staten	179 511 835	201 729 203
	Krav som er ufordelt	-1	1
	Videresending plassering mellom kommuner	-12 021	-4 334
Sum		526 684 181	532 777 288
Sum totalt		0	0

Sand, 18.01.2017


Arnfinn Gundersen
 Skatteoppkrevjar

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Representantskapsmøteprotokoll for Haugaland Vekst IKS

Den 16. desember 2016 ble det avholdt representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS, i Statoils representasjonsbolig på Kårstø. Møtet startet 9:00

Tilstede:

Haugesund kommune v/	May Britt Vihovde
Tysvær kommune v/	Ola S Apeland
Bokn kommune v/	Tormod Våga
Utsira kommune v/	Marte Eide Klovning
Sveio kommune v/	Jorunn Skåden
Karmøy kommune v/	Jarle Nilsen
Vindafjord kommune v/	Ole Johan Vierdal
Etne kommune v/	Siri Klokkestuen
Sauda kommune v/	Asbjørn Birkeland
Suldal kommune v/	Gerd Helen Bø
Rogaland Fylkeskommune v/	Jarle Nilsen
Administrasjonen	Tormod Karlsen
	Arvid Nesse

I tillegg møtte styreleder Ole Bernt Thorbjørnsen og Toril Hallsjø fra Haugaland Kontrollutvalgssekretariat.


Til behandling forelå:

- Sak 5/16 Valg av møteleder**
Til møteleder ble Jarle Nilsen enstemmig valgt.
- Sak 6/16 Godkjenninger av innkalling og dagsorden**
Innkalling og dagsorden ble godkjent.
- Sak 7/16 Behandling av budsjett for 2017**
Representantskapet godkjenner styrets forslag til budsjett 2017.
- Sak 8/16 Valg av revisor**
Representantskapet velger å la KPMG fortsette som selskapets revisor også i 2017.

Det forelå ingen flere saker til behandling.

Kårstø den 16.12.2016


Representantskapet for Haugaland Vekst IKS



Jarle Nilsen




Tormod Våga



Ole Johan Vierdal




Gerd Helen Bø




Sigmund Lier




Marte Eide Klovning



Siri Klokkestuen



Jarle Nilsen



May Britt Vihovde



Jorunn Skåden



Asbjørn Birkeland

Travle kontrollutvalg

LEDER. Når kontrollutvalget kritiserer administrasjonen må det være forankret i fakta og ikke et resultat av politiske omkamper.

Publisert i dag, kl. 9.27

Kommunal Rapport - 26.01.17

f 1 t in

Det er travelt i mange kontrollutvalg for tiden. Blant annet kan vi slå det fast basert på Kommunal Rapports årlige undersøkelse blant medlemmene av utvalget.

Få steder har utvalget det siste året oftere foreslått kritikk av administrasjonen enn i Bergen. Det er en by med rykte for å være konfliktorientert. I vår reportasje denne uka retter kontrollutvalgslederen hard kritikk mot byråds evne som administratorer. Byrådslederen avviser ikke overraskende kritikken. Motsetningene framstår som skarpe.

